

Ruteinnspel frå kommunar og andre gjeldande frå 20. juni 2016

Vedlegg 1		Innspel som vert tilrådd imøtekome:					
Innspel nr	Innspel frå	Rutenummer	Rutestrekning	Kl.	Innspel	Vurdering	Anbefaling
1	Norled	23-501	Bergen-Sogndal	14:15	Ta vekk avgang kl. 1415 laurdagar i veke 25 - 32.	Innspelet fører til at det ikkje vert rutetilbod frå Bergen kl. 1415 til Sogndal i veke 25 - 32. Reisande må i staden nytte avgang kl. 0800 frå Bergen. Reisande til Sogndal kan nytte Sognebussen kl. 1530. Reisande til Lavik kan nytte Fjordekspressen kl. 1430 og 1630.	Innspelet vert imøtekome.
2	Norled	23-501	Bergen-Sogndal	16:30	Opprette ny avgang kl. 1630 søndagar i veke 25 - 32.	Innspelet fører til at det vert nytt rutetilbod frå Bergen kl. 1630 til Sogndal i veke 25 - 32, og at rutetilbodet frå Bergen vert likt heile året. Endringa fører også til at ein har betre kapasitet søndagar i veke 25 - 32 frå Bergen mot Sogn og Nordfjord.	Innspelet vert imøtekome.
3	Norled	23-531	Bergen-Selje	16:30	Nordfjordbåten treng ikkje gå via Rysjedalsvika søndagar i sommarperioden, som følgje av at Sognebåten går som søndagar elles i året.	Innspelet fører til at det ikkje lengre vert samband frå Krakhella til Rysjedalsvika søndagar i veke 25 - 32. Det er svært få reisande mellom Krakhella og Rysjedalsvika, og det er berre mogleg å reise mellom Krakhella og Rysjedalsvika på rute 23-531 søndagar i desse vekene. Endringa gjer det lettare å halde rutetidene vidare nordover mot Selje.	Innspelet vert imøtekome.
4	Gulen kommune	14-318	Eivindvik-Mjømna	13:45	I 2013 vart det føreteke ei mindre endring i buss og båt-skulerute Grima mot Nordøyane (Bårøy). Endringa vart å legge båtruta frå Grima til Mjømna etter ynskje frå foreldre til elevar frå Bårøy. Endringa er god, men den gjev ein del «tid til overs» for reisande frå Eivindvik på ettermiddagen kl. 13.45. Dette gjev unødig ventetid på Mjømna fordi båten nyttar same avgangstid frå Eivindvik som før. Gulen kommune meiner at ny avgangstid frå Eivindvik bør vere kl. 14.05	Endringa fører til at den samla reisetida mellom Eivindvik og Nordøyane vert kortare. I september 2015 var det ingen avstigande passasjerar før Mjømna.	Innspelet vert imøtekome. Ny avgangstid frå Eivindvik kl. 1405 frå 20/6-16.
5	Askvoll kommune		Askvoll-Værlandet	11:15	Same avgangstid frå Askvoll kl. 1145 laurdagar heile året.	Frå1/1-16 vil avgangen gå kl. 1145 frå Askvoll til Værlandet måndag - laurdag.	Innspelet vert imøtekome. Ny avgangstid frå Askvoll kl. 1145 laurdagar frå 1/1-16.
6	Askvoll kommune	14-431	Askvoll-Gjervik	07:50	Avgang frå Gjervik kl. 0750 dersom Vidar Olset går ut av si rute ved nyttår.	Det er teikna ny avtale om skuleskyss mellom Gjervik og Askvoll gjeldande frå hausten 2015.	Innspelet er allereie imøtekome.

Innspe nr	Innspe frå	Ruten numm er	Rutestrekning	Kl.	Innspe l	Vurdering	Anbefaling
7	Askvoll kommune	14-434	Askvoll-Fure- Værlandet	17:40	Avgang frå Askvoll kl. 1740 til Fure endrast til kl. 1745 slik at den korresponderer med avgang frå Gjervik.	Frå 1/1-16 er det avgang Gjervik kl. 1730, ankomst Askvoll kl 1740. Avgang frå Askvoll til Fure kl. 1740 mand - fredag. Det er mogleg å endre avgangen til kl 1745 til Fure, men da må og neste rundtur Askvoll-Fure endrast med 5 minutt. Ingen økonomisk konsekvenser. Administrasjonen er i dialog med Fjord1 om avgang frå Askvoll til Fure må utsettast 5 minutt for at det skal opprettast korrespondanse Gjervik-Askvoll-Fure, eller om dette kan gjerast utan endring av avgangstid.	Innspelet vert imøtekome. Det vert lagt til rette for korrespondanse Gjervik - Askvoll - Fure kl. 1740 frå 1/1-16.
8	Høyanger kommune	23-516	Høyanger - Førde	08:35	Førleige avgangen kl. 0835 Frå Høyanger til Førde vidare til FSS.	Ruta går allereie i dag til FSS dersom passasjerar.	Ikkje naudsynt å gjere endring.
9	Stongfjorden vel		Stongfjorden- Dale-Førde		Opprette bussrute Stongfjorden-Dale-Førde som trer i kraft dersom vegen mellom Stongfjorden og Førde vert stengt pga ras.	Det er i dag eit opplegg med kriseruter som vert sett i verk ved vegstenging. Administrasjonen vil gå gjennom og oppdatere kriserutene dersom dette er naudsynt.	Innspelet vert imøtekome.
10	Solund kommune	14-321	Krakhella-Losna- Rutledal- Rysjedalsvika		Ikkje flytte MF Nordfjord vekk frå sambandet før ny ferje er klar. Reservemateriell er ikkje i stand til å haldre oppsett rutetabell.	MF Nordfjord skal gå på sambandet Krakhella - Losna - Ruteledal - Rysjedalsvika fram til nybygg er ferdig medio 2016.	Innspelet vert imøtekome.
11	Solund kommune		Bussrutene generelt		Ikkje mogeleg å reise frå Ytre Solund til Hardbakke om morgonen i sommarferien. Heller ikkje mogeleg å reise vidare med ekspressbåt innover i eige fylke. Dette medfører at ein på sommaren ikkje kan reise frå ytre Solund til t.d. sjukehuset i Førde med offentleg transport.	Det er ikkje rutetilbod sommar og skulefri frå Ytre Solund. For å etablere tilbod må det opprettast ny rute frå Daløy kl. 0825 til Hardbakke sommar og skulefri (tabell 14-324). Oppretting av bestillingsrute Dx67 sommar og skulefrie dagar kan gjerast med ein kostnad på kr. 18.300 pr år.	Det vert oppretta bestillingsrute frå Daløy kl. 0825 til Hardbakke Dx67 sommar og skulefri.
12	Visit Sognefjord		Samhandling mellom samferdsle og næring		Betre rutinar for samhandling mellom samferdsleavdelinga og næringsavdelinga i forhold til gjensidig informasjon, dialog og langsiktig planleging av samferdsle- og infrastrukturtilbod i fylket.	Det er alltid rom for å gjere ting betre. Fylkesdirektøren legg opp til ein gjennomgang og forbetring av rutinane for samhandling mellom samferdsle- og næringsavdelinga.	Innspelet vert imøtekome.
13	Bremanger kommune	14-669	Oldeide-Måløy		Større ferje på sambandet.	Frå 1.1.2017 blir ferjestørrelsen på 60 PBE.	Innspelet vert imøtekome frå 1/1-17.
14	Bremanger kommune	14-667	Bremanger- Svelgen		Bremanger kommune ønskjer dialog rundt arbeidsruter Kalvåg-Svelgen som vart oppretta etter opning av Bremanger II.	Fylkesdirektøren legg opp til kommunevise møter vinteren 2015/2016.	Innspelet vert imøtekome.

Vedlegg 1		Innspel om vidareføring av dagens tilbod:						
Innspel nr	Innspel frå	Rutenummer	Rutestrekning	Kl.	Innspel	Vurdering	Anbefaling	
15	Gloppen kommune		Solheim-Heimseta-Hyen		Vidareføre dagens direkterute frå Solheim-Heimseta-Hyen. Eigen buss frå Eimhjellen med korrespondanse på Heimset kryss som i dag.	Ikkje forslag til endringar i 2016.	Rutetilbodet vert uendra i 2016.	
16	Gulen kommune	23-501/23-531	Bergen-Mjømna/Skjerje hamn		Behalde Mjømna som stopp for ekspressbåt.	Ikkje forslag til endringar i 2016.	Rutetilbodet vert uendra i 2016.	
17	Gulen kommune	14-334	Hardbakke-Mjømna	07:20	Oppretthalde ruta Hardbakke-Mjømna dersom søkarar frå Solund til Austreim vgs. Ruta fungerer også som arbeidsrute Gulen-Solund-Austreim.	Ikkje forslag om å legge ned skuleruta frå Solund i 2016.	Rutetilbodet vert uendra i 2016.	
18	Fjaler kommune		Fure ferjekai		Ikkje nedlegging av Fure ferjekai.	Ikkje forslag om å legge ned Fure ferjekai i 2016.	Fure ferjekai vert ikkje lagt ned i 2016.	
19	Visit Fjordkysten		Båtruter generelt		Viktig med god frekvens i sommarmånadane på ekspressbåtrutene, postbåten i Solund, båt til Utvær, ferje til Værlandet, florabassenget og kystvegekspressen. Reiselivet er avhengig av sentrale kjerneruter vert opprethaldne.	Det vert ikkje vurdert å gjere endringar på desse rutene i denne saka.	Det vert ikkje gjort endringar på desse rutene i denne saka.	
20	Bedrifter i ytre Fjaler		Fure ferjekai		Ikkje nedlegging av Fure ferjekai.	Ikkje forslag om å legge ned Fure ferjekai i 2016.	Fure ferjekai vert ikkje lagt ned i 2016.	
21	Solund kommune	14-321	Krakhella-Losna-Rutledal-Rysjedalsvika		Opprethalde dagens tilbod på sambandet Krakhella-Losna Rutledal-Rysjedalsvika.	Ikkje forslag til endringar i 2016.	Rutetilbodet vert opprethalde i 2016.	
22	Solund kommune	14-331	Daløy-Haldorsneset		Naudsynt med god opningstid på sambandet Daløy - Haldorsneset.	Ikkje forslag til endringar i 2016.	Rutetilbodet vert opprethalde i 2016.	
23	Solund kommune	14-335	Gåsvær-Hardbake	08:10	Opprethalde dagens tilbod på ruta Gåsvær-Hardbakke. Ruta har postfunksjon i tillegg til å vere pendlarrute.	Ikkje forslag til endringar i 2016.	Rutetilbodet vert opprethalde i 2016.	
24	Solund kommune		Bussrutene generelt		Ikkje rom for reduksjon i bussrutetilbodet.	Ikkje forslag til endringar i 2016.	Rutetilbodet vert opprethalde i 2016.	
25	Solund kommune	14-318	Gulen-Ytre Solund		Opprethalde tilførsel Nåra-Mjømna-Nåra til/frå ekspressbåt til/frå Bergen.	Ikkje forslag til endringar i 2016.	Rutetilbodet vert opprethalde i 2016.	
26	Solund kommune	14-334 14-318	Hardbakke-Nåra-Mjømna-Austreim	07:20 15:00	Opprethalde skuleruta Hardbakke - Austreim slik at skuleelevar i området har høve til å nytte seg av Hordalandsavtalen.	Ikkje forslag til endringar i 2016.	Rutetilbodet vert opprethalde i 2016.	
27	Solund kommune		Godsrute med båt		Opprethalde godsruta mellom Bergen, Gulen, Solund og Askvoll.	Det føreligg ikkje forslag til større endringar på desse rutene i 2016.	Rutetilbodet vert opprethalde i 2016.	
28	Våge grendalag		Fure ferjekai		Ikkje nedlegging av Fure ferjekai.	Ikkje forslag om å legge ned Fure ferjekai i 2016.	Fure ferjekai vert ikkje lagt ned i 2016.	

Innspel nr	Innspel frå	Rutenummer	Rutestrekning	Kl.	Innspel	Vurdering	Anbefaling
29	Visit Sognefjord	23-501 14-141 14-185 14-242	Båtruter på Sognefjorden		Opprethalde desse båtrutene på Sognefjorden	Det føreligg ikkje forslag til større endringar på desse rutene i 2016.	Rutetilbodet vert opprethalde i 2016.
30	Visit Sognefjord	23-190 23-490 23-503 23-516	Regionale ruter i Sogn		Opprethalde desse regionale rutene i Sogn	Det føreligg ikkje forslag til større endringar på desse rutene i 2016.	Rutetilbodet vert opprethalde i 2016.
31	Visit Sognefjord	14-151 14-159 14-153 14-101	Lokale ruter i Sogn		Opprethalde desse lokale rutene i Sogn.	Det føreligg ikkje forslag til større endringar på desse rutene i 2016.	Rutetilbodet vert opprethalde i 2016.
32	Visit Sognefjord		Sentrale kjerneruter for samferdsle		Opprethalde sentrale kjerneruter for samferdsle.	Det føreligg ikkje forslag til større endringar på desse rutene i 2016.	Rutetilbodet vert opprethalde i 2016.
33	Hornindal kommune		Nordfjord		Ikkje reduksjon i lokale bussruter i Nordfjord.	Ikkje forslag til endringar i 2016.	Rutetilbodet vert opprethalde i 2016.

Vedlegg 1 Innspel det ikkje vert tilrådd å imøtekome:

Innspel nr	Innspel frå	Rutenummer	Rutestrekning	Kl.	Innspel	Vurdering	Anbefaling
34	Gloppen kommune		Myklebustdalen-Byrkjelo-Øvreset-Hetle bru-Reed-Breim skule		Skulebuss frå Myklebustdalen køyrer veldig nær Breim skule, men køyrer opp igjen og om Øvreset/Reed. Lang reiseveg/omveg for dei yngste elevane. Ønskjer at ruta køyrer innom skulen for å sleppe av elevane frå Myklebustdalen - Byrkjelo før runden via Øvreset. Alternativt eigen buss Øvreset - Breim skule.	Reisetid i dag er 30 miutt frå Myklebustdalen til Breim skule. Elevar i 1-4 klasse kan ha inntil 45 minutt samla reisetid. Dersom ruta skal køyre via Breim skule før ein køyrer til Øvreset må avgang frå Myklebustdalen framskundast med 10 minutt. Dette fører til ventetid på skulen og lengre samla reisetid for elevane på strekninga Myklebustdalen - Byrkjelo. Dersom det skal køyrast eigen buss Øvreset - Breim skule må det kjøpast ekstra buss og tilsetjast ekstra sjåfør.	Ikkje gjere endring på skuleruta frå Myklebustdalen til Breim skule.
35	Gloppen kommune		Hestenesøyra-Hyen		Ny rute Hestenesøyra - Hyen slik at elevar kan velje å gå på Hyen skule.	Rute 14-711 har avgang frå Hestnesøyra kl. 0835 til Hyen kl. 0850, slik at til Hyen er det mogeleg å reise. Ny rute må opprettast for retur frå Hyen. Ikkje ledige bussar på dette tidspunktet, slik at ny buss må kjøpast (17-25 seter). Årleg kostnad ca. 182.000 pr år.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
36	Fylkesrådet for eldre		Generelt		Serviceskyss må vere ein erstattar for lokale ruter som vert lagt ned.	Serviceskyss kan i enkelte tilfelle vere eit alternativ til bygderuter. Serviceskyss må sjåast på samla i kvar kommune der også det samla lokalrutetilbodet vert teke med i vurderingane.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
37	Fjaler kommune	23-531	Ekspressbåtstopp på Grytøyra		Opprette nytt ekspressbåtstopp på Grytøyra	Dette innspelet har vore framme ved fleire høve tidlegare. Innspelet vil medføre ein omveg for øvrege reisande som ikkje skal innom Grytøyra. I tillegg vil det medføre auka kostnader knytt til auka drivstofforbruk og hamneleige.	Innspelet vert ikkje imøtekome.

Innspel nr	Innspel frå	Rutenummer	Rutestrekning	Kl.	Innspel	Vurdering	Anbefaling
38	Jetmund Rygg	14-601	Florø-Førde		Bussar mellom Førde og Florø går via både verftet, gamlevegen, krokane og basen. Brukar 20-30 minutt lengre tid pga dette.	Trafikktal viser at det er ein del passasjerar til/frå verftet og basen. Ei eventuell endring av trase vert vurdert til å avvise arbeidsreisande til/frå verftet og basen.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
39	Askvoll kommune		Askvoll - Dale		Korresponderande ruter tur/retur Dale - Askvoll i korrespondanse med ekspressbåten, rute 23-531.	I dag er korrespondansane lagt til Rysjedalsvika for reisande frå Dale. Reisande frå Dale som ønskjer å reise frå Askvoll kan i dag nytte rute 14-414 kl. 0815 frå Dale. Dersom det skal opprettast korrespondansar mellom Dale og Askvoll på alle avgangar må det i tillegg opprettast tre nye rundturar. Dette er berekna til å koste omlag 1,4 mill. kr. pr. år.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
40	Askvoll kommune		Askvoll-Dale og Dale-Førde		Betre korrespondansar mellom rutene Askvoll-Dale og Dale-Førde, og korrespondanse med flyrutene på Bringeland.	Det vart oppretta arbeids- og skuleruter mellom Askvoll og Dale i høve opning av Dalsfjordbrua. Så langt som råd vart desse rutene tilpassa eksisterande ruter mellom Dale og Førde. Ruter til flyplassane må endre seg i takt med endringar i flyrutene. I praksis vert dette eigne flybussar som ikkje heng saman med det øvrige rutenettet. Trafikkgrunnlaget vert vurdert til ikkje å vere tilstrekkelig til eigne flybussar til/frå Askvoll/Dale.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
41	Askvoll kommune	14-431	Askvoll-Gjervik		Seinare avgangar frå Askvoll til Gjervik, t.d. kl. 23, 24 og 01.	Innføring av nye rundturar Askvoll-Gjervik-Askvoll kl 2300, kl 2400 og kl 0100 vil koste ca 3,3 - 3,5 mill. kr, altså ca 1,1 mill. kr. per rundtur.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
42	Høyanger kommune		Nordeide Vadheim		Betre venteromfasilitetar i Vadheim og på Nordeide.	På Nordeide er det per i dag ikkje noko venteromstilbod for dei reisande. I Vadheim leiger fylkeskommunen venterom og toalett av Høyanger kommune. Det må vurderast ei løysing på Nordeide. Når det gjeld Vadheim bør ein avvente nytt køyremønster i samband med ny E39 forbi Vadheim.	Innspelet vert ikkje imøtekome på noverande tidspunkt. Vert behandla seinare i eiga politisk sak.
43	Solund kommune	14-321	Krakhella-Losna-Rutledal-Rysjedalsvika		Frå sommaren 2015 har det vore privat kioskdirift på sambandet. Nytt ferjemateriell må tilpassast slik at tilbodet kan halde fram.	Det er ikkje stilt krav om kioskdirift på sambandet, kørkje i dagens eller nest kontrakt som har oppstart 1.1.2018.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
44	Solund kommune		Serviceskyss		Solund kommune ønskjer å vidareutvikle serviceskyss. Naudsynt å sikre gode og funksjonelle ruter i budsjett og anbudsarbeid. Det vert viktigare no enn tidlegare med serviceskyss i kommunen sidan ein går frå 4 til 2 daglegvareutsal på eit år.	Serviceskyss kan i enkelte tilfelle vere eit alternativ til bygderuter. Serviceskyss må sjåast på samla i kvar kommune der også det samla lokalrutetilbodet vert teke med i vurderingane. I budsjettarbeidet er det lagt opp til ei vidareføring av dagens nivå på serviceskyss.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
45	Visit Sognefjord		Leikanger-Sogndal		Legge til rette for busskorrespondanse mellom Leikanger og Sogndal derom endestogg på sognebåten vert Flåm.	Det føreligg per i dag ikkje konkrete forslag om å flytte endestopp på Sognebåten til Flåm.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
46	Visit Sognefjord	23-490	Aurland-Ål		Få tilbake ruta mellom Aurland og Ål i høve trafikk til Aurlandsdalen.	Buskerud fylkeskommune avvikla sommaren 2014 sin avgang frå Ål kl. 0805 med retur frå Gudvangen kl. 1535. Nettbuss Sør framskunda samstundes avgang frå Ål frå kl. 1535 til kl. 1200 slik at det vart oppretta korrespondanse med tog. Rutetilbodet internt i Sogn og Fjordane er tilnærma opprethalde.	Innspelet vert ikkje imøtekome.

Innspel nr	Innspel frå	Rutenummer	Rutestrekning	Kl.	Innspel	Vurdering	Anbefaling
47	Visit Sognefjord		Rutehefte		3-årige rutehefte på nett og papir med ruteendringar klar seinast i oktober året før endring.	Dette let seg ikkje gjennomføre. Endringstakten i rutetilbodet aukar stadig, noko som gjer det vanskeleg med bindingar ut over eit år.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
48	Bremanger kommune	14-814	Stårheim-Isane		Rutetidene Stårheim - Isane må koordinerast med rutetidene på Lote-Anda og Folkestad-Volda	Rutetabellen på Stårheim- Isane har fleire hensyn å ta f.eks dagens frekvens/overfartstid og opningtid. Det er og korrekspondanse mot bl.a buss og skule. Det vart gjort eit arbeid å koordinere rutetabellen med rutetidane på Lote - Anda og Folkestad - Volda for få år sidan.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
49	Bremanger kommune	14-814	Stårheim-Isane		Lengre drifting ut over kveldane. Siste avgang i dag frå Stårheim kl. 2235 og retur frå Isane kl. 2255.	Innføre ei ekstra rundtur f.eks kl 23.35 frå Stårheim og kl. 23.55 frå Isane vil medføre ekstra kostnad på ca. 1,2 mill. kr per år	Innspelet vert ikkje imøtekome.
50	Bremanger kommune	14-669	Oldeide-Måløy		Auka frekvens på sambandet. Vurder om det er behov får å gå via Husevågøy så ofte som ein gjer i dag.	Det er ikkje mogleg å auke opp frekvens i dagens rutetabell utan å setje inn ei ny ferje eller auke opp opningstiden. Det er mogleg å legge ned nokre av avgangane til Husevågøy men det er lite å spare i tid. Må legge ned ein god del avganger til Husevågøy for å oppnå ein ekstra tur mellom Måløy - Oldeide. Heile rutetabellen må da gjennomgå på nytt.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
51	Bremanger kommune	14-669	Oldeide-Måløy		Lengre drifting ut over kveldane. Siste avgang i dag frå Måløy kl. 2140 og retur frå Oldeide kl. 2215	Innføre ei ekstra rundtur direkte etter siste rundtur vil medføre ekstra kostnad på ca. 1,8 mill. kr per år.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
52	Bremanger kommune	23-531	Bergen-Selje		Ønskeleg med stopp i Leirgulen ved signal både for sørgående båt frå Selje kl. 1520 og nordgåande båt frå Bergen kl. 0800.	Anløp Leirgulen vert kostnadsrekna til ca. 1.100,- pr dag på grunn av lengre rute. Årleg kostnad ca kr. 280.000. I tillegg ca. 5 minutt seinare aløpstider på hamnene etter Leirgulen. Dette fører til brot på korrekspondanse til buss Måløy.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
53	Bremanger kommune	14-661	Kystvegekspressen		Tilpasse kystvegekspressen som ei arbeidsrute med endra ankomst Florø kl. 0650. Ruta har i dag ankomst kl. 0635.	Fartyet som betener ruta har ny avgang frå Florø kl. 0650. Ankomst kl. 0650 vert ikkje mogeleg utan endringar også på andre avgangar.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
54	Bremanger kommune	14-661	Kystvegekspressen		Stopp i Leirgulen ved signal på sørgående rute om morgonen.	Fartyet som betener ruta har ny avgang frå Florø kl. 0650. Anløp Leirgulen kan ikkje innførast utan endringar på andre avgangar.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
55	Bremanger kommune	14-661	Kystvegekspressen		Nye rundturar mellom Florø og Smørhamn med materiell som har ledig kapasitet. Avgang Florø kl. 1250 og 1800, avgang frå Smørhamn kl. 1330 og 1830. Stjernestopp på Villevik på desse avgangane. Bremanger kommune prioriterer siste rundtur dersom det vert naudsynt.	Desse rundturane kan opprettast til ein kostnad av ca. kr. 6.500,- pr rundtur. Årleg kostnad ca. 3,3 millionar kr.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
56	Bremanger kommune	14-661	Kystvegekspressen		Tilnærma lik takst på strekinga Villevik-Florø uavhengig av kva rute som trafikkerer.	Kystvegekspressen mellom Måløy og Florø har ikkje krav til bilføring. Fjord1 nyttar eit bilførande farty på ruta, og tek med bilar på kommersielt grunnlag.	Innspelet vert ikkje imøtekome.

Innspel nr	Innspel frå	Rutenummer	Rutestrekning	Kl.	Innspel	Vurdering	Anbefaling
57	Visit Flåm	14-141	Flåm-Balestrand		Endre stasjoningsstad til Balestrand. Avgang frå Balestrand til Flåm kl. 0800 og retur frå Flåm kl. 1030.	Ruta har i dag funksjon både som turistrute og tilførsel til Sognebåten på Leikanger kl. 0730. Dersom ruta vert stasjonert i Balestrand vert denne tilførselsruta til Sognebåten broten.	Dette tiltaket må vurderast i ein større samanheng der ein ser på strukturen til både Sognebåten og turistruta Flåm - Balestrand. Vert ikkje imøtekome.
58	Visit Flåm	14-141	Flåm-Balestrand		Ny rundtur frå Balestrand kl. 1700 og retur kl. 1930.	Ny rundtur måndag - fredag kan opprettast til ein kostnad på kr 16.700 pr tur. Årleg kostnad kr 668.000.	Dette tiltaket må vurderast i ein større samanheng der ein ser på strukturen til både Sognebåten og turistruta Flåm - Balestrand. Vert ikkje imøtekome.
59	Visit Flåm	14-141	Flåm-Balestrand		Avgang også laurdag og søndag.	Rundturar laurdag og søndag kan opprettast til ein kostnad av kr 23.000 pr rundtur. Årleg kostnad for to rundturar laurdag og søndag kr 736.000.	Dette tiltaket må vurderast i ein større samanheng der ein ser på strukturen til både Sognebåten og turistruta Flåm - Balestrand. Vert ikkje imøtekome.
60	Helse Førde				Fleire avgangar via Helse Førde sine institusjonar.	Ein god del av rutene i fylket går via Helse Førde sine institusjonar.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
61	Stavang bygdelag		Stavang		Stavang bygdelag krev at Stavang får attende båtutestoggen. Føreslegen rutetabell inneheld anløp Stavang tysdagar føremiddag, måndag - fredag kveld samt laurdag og søndag ettermiddag, totalt 8 anløp pr. veke.	Dei føreslegne anløpa til Stavang kan opprettast til ein kostnad av ca. kr. 3.500,- pr anløp. Årleg kostnad vert ca. 1,45 millionar kr.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
62	Hornindal kommune		Skuleskyss		Elevar i vidaregåande skule må få informasjon om skulerutene før skulestart. Reisetid, skifte av buss og avgangstidspunkt.	I utgangspunktet vert ruteopplegget frå førre skuleår vidareført, slik at elevane kjenner tilbodet	Innspelet vert ikkje imøtekome.
63	Hornindal kommune		Hornindal-Volda		Kommunen har ein auke av pendlarar og høgskulestudentar frå indre Nordfjord mot søre Sunnmøre etter kvivsvegen opna. Ber om at rutetilbodet blir tilpassa pendling i begge retningar slik at ein unngår for mykje venting før og etter skulestart.	Tal reisande på Kviven er veldig lågt. I dag er det avgangar på Kviven fredagar og søndagar som legg til rette for helgependling.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
64	Målfrid Kjørhaug	22-450	Bergen - Sogndal	19:00	Seinare avgang mellom Bergen og Sogndal. Buss går i dag kl. 1715. Ny avgang kl. 19 frå Bergen.	Sognebussen vert kommersiell frå 1. juli 2016. Nytt ruteopplegg må samanfalle med ny ruteperiode 20. juni 2016.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
65	Solund kommune	14-331	Daløy-Haldorsneset	21:50 22:00	Dersom naudsynt med kostnadsreduksjonar kan avgang tysdagar kl. 2150 frå Haldorsneset og kl. 2200 frå Daløy takast vekk.	Reduksjon med denne rundturen gjev ei innsparing ca kr 230 000 per år. Det vert ikkje lagt opp til reduksjon i rutetilbodet i 2016. Fylkesdirektøren legg opp til ei meir heilskapleg tilnærming til rutekutt i denne sektoren der det blant anna skal gjennomførast dialogmøter med fleire kommunar.	Rutetilbodet vert ikkje endra i 2016.
66	Solund kommune	14-331	Daløy-Haldorsneset	09:00	Dersom siste rundtur tysdagar vert teken vekk er det særst ønskjeleg med ny avgang frå Haldorsneset kl. 0900 søndagar.	Innføring av avgang fra Haldorsneset kl. 0905 søndager vil medføre ekstra kostnad på ca kr. 350 - 370.000 per år	Rutetilbodet vert ikkje endra i 2016.